

Retningslinjer for tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Ørsta og Volda kommunar 2024–2028



Saksnr i Acos Websak+	23/6766
Famlegg til sak	Vedteke i møte i tenesteutval for utvikling, Volda 29.jan. 2024.
Framlegg til sak	Vedteke i møte i landbruksutvalet, Ørsta 5.februar 2024.



Innhold

1. Bakgrunn	3
2. Organisering av arbeidet	3
3. Lokale miljøutfordringar og målsetjing	4
Kulturlandskap.....	4
Kva er gamal kulturmark?	4
Tiltak mot ureining	5
Kulturminne	5
5. Behov for midlar i perioden.....	6
6. Aktuelle tiltak og prioritering i perioden	7
Kulturlandskap.....	7
Ureiningstiltak.....	7
Kulturminne	7
Planleggings – og tilretteleggingstiltak	7
7. Satsar - tilskotssatsar	8
8. Generelle vilkår.....	9
9. Søknadsfrist og handsaming	9



1. Bakgrunn

Føremålet med SMIL-ordninga går fram av § 1 i Forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket:

“§ 1 Formål:

Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur – og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensingen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier.”

Forvaltninga av økonomiske verkemiddel til miljøtiltak i jord- og skogbruk er overført til kommunane. Kommunane har sidan 2004 hatt påfølgjande *strategiplanar for økonomiske verkemiddel i landbruket*. Denne strategiplanen vert gjeldande for fire nye år: 2024 – 2028. Midlane til spesielle miljøtiltak i jordbruket (heretter SMIL) skal forvaltast i samsvar med gjeldande nasjonal forskrifta, og rundskriv frå Landbruksdirektoratet med kommentarar til forskrifta.

Lenke til forskrift: <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-02-04-448>

Heimelen for å lage strategiplan finn ein i § 8 andre avsnitt i *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket*, «Kommunen skal fastsette overordnede retningslinjer for prioritering av søknader. Slike retningslinjer skal utarbeides i dialog med fylkesmannen og næringsorganisasjonene i jordbruket lokalt.»

2. Organisering av arbeidet

Arbeidet med forvaltninga av SMIL-midlane skjer i samarbeid med representantar frå:

- Hjørundfjord Bondelag
- Ørsta Bondelag
- Volda/Ørsta Bonde- og Småbrukarlag
- Volda og Dalsfjord Bondelag
- Austefjord og Bjørke Bondelag
- Hornindal Bonde – og Småbrukarlag
- Hornindal Bondelag

Faglaga får strategiplanen på høyring. Partane ovanfor utgjer eit samarbeidsforum som møtast for å diskutere prioritering av tiltak i retningslinjene. Retningslinjene skal godkjennast av Landbruksutvalet og TFU. Den daglege forvaltninga og løyving av tilskot ligg til Landbrukskontoret Ørsta Volda.

3. Lokale miljøutfordringar og målsetjing

Både Ørsta og Volda er aktive jordbrukskommunar. Det er til saman 58 283 daa jordbruksareal i drift i kommunane, fordelt på 335 driftseiningar som søkte produksjonstilskot i 2023. Desse tala har vore forholdsvis stabile, men det er ei utvikling med større og færre driftseiningar enn før. Dette førar til blant anna færre beitedyr og dermed attgroing av kulturlandskapet i nokre område. I tillegg kan det vere både økonomisk og tidsmessig utfordrande å vedlikehalde gamle bygningar og hydrotekniske anlegg. Vi ser også at eit stadig meir ekstremt klima aukar behovet for tiltak mot ureining.

Ut frå lokale miljøutfordringar, vert det utarbeida prioriterte tiltak i SMIL-ordninga for å ta vare på kulturlandskapet, kulturminne og hindre forureining. Vi vil sjå dei prioriterte tiltaka i samband med andre planar og strategiar, t.d. regionalt miljøprogram, klimaplanar, forvaltningsplanar for vatn og andre tiltaksordningar.

Kulturlandskap

Tiltak i kulturlandskapet skal fremje kunnskap, oppleving og bruksverdiar gjennom skjøtsel, utbeiring og istandsetjing. Ørsta og Volda er populære turistmål, spesielt for fjellturistar. Kulturlandskapet er ein viktig del av naturopplevinga. Stell av kulturlandskapet krev innsats frå grunneigarane der aktiv landbruksdrift er ein føresetnad for å halde kulturlandskapet i hevd. I tillegg til å fremje beitebruk, skal dei prioriterte tiltaka motverke attgroing og tap av biologisk mangfald og kulturmark. Dei skal også bidra til å betre moglegheitene for ferdsel og opplevingar i kulturlandskapet.

Kva er gamal kulturmark?

Gamal kulturmark er areal med vegetasjon utforma ved slått, beiting, styving,



brenning eller andre driftsformar gjennom ei lang periode. Slike område vart ofte dyrka og hausta utan tilførsel av gjødsel. Gamal kulturmark kjennetegnast også ved spor etter gamle driftsmåtar som murar, rydningsrøysar, lauvingstrær o.l. Areala er ikkje prega av moderne jordarbeiding, men er dominert av naturleg gras – og urtevegetasjon. Det kan også vere innslag av små, tidlegare dyrka mark i gamal kulturmark.

Tiltak mot ureining

Klima og miljø er høgt prioritert, og gardbrukarane har strenge miljøkrav knytt til drifta. Tiltaka skal redusere tap og risikoen for tap av næring, partiklar og andre ureinande utslepp til jord, vatn og luft. Lokalt har tilskot til hydrotekniske tiltak hovudsakleg gått til tiltak som opne kanalar, avskjeringsgrøfter og fangdammar. Behovet for midlar til slike tiltak er stadig til stades, då ein må forvente større og meir intens nedbør som krev betre vassvegar, med større toleevne. Ureining grunna erosjon og utvasking av næring krev tiltak som kan fremme sedimentering.

Kulturminne

Det er eit ynskje om å ta vare på gamle, verdifulle bygningar med jordbrukshistorisk verdi i kommunane. Bygningane på og ikring garden er med på å danna eit kulturlandskap og landskapsbilete som visar korleis folk har levd før oss. SMIL-forskrifta legg til rette for at tilskot kan gis til tiltak som tek vare på kulturminne og kulturmiljø i jordbrukets kulturlandskap. Dette inkluderer alle formar for kulturminne og kulturmiljø, ikkje berre bygningar. Det er eit krav om at tiltaka skal utførast etter prinsipp som kulturminneforvaltninga legg til grunn.

Ein kan løyve tilskot til verneverdige bygningar, men ikkje freda bygningar. Ein bygning med opphav frå perioden 1537-1649 er automatisk freda etter kulturminnelova. Bygningar som ikkje er freda, kan likevel vere verneverdige, eller bevaringsverdige. Tiltaka vert sett i samband med kommunedelplan for kulturminne og - miljø.



5.Behov for midlar i perioden

Kommunane får kvart år tildelt ei ramme frå Statsforvaltaren. Etterspurnaden etter tilskotsmidlane er stor, og den årlege tildelinga har vorte fordelt ut til ei rekkje gode prosjekt. I tillegg til tildelinga frå Statsforvaltaren er aktiv gjenbruk av ubrukte løyvingar viktig.

Ein kan ikkje dekkje behova for midlar fullt ut, men ein har von om at gapet mellom behov og tilbod vert minst mogleg - ved at ein kan støtte flest mogleg av søknadene og initiativa som ligg bak desse.

6. Aktuelle tiltak og prioritering i perioden

Prioritet	Tiltakskategoriar med tiltak	Tilskot inntil ¹
	Kulturlandskap	
1	Skjøtsel av kulturmark Døme: rydding og gjerding i forbindelse med reetablering av innmarksbeiter og gamal kulturmark. Det gis ikkje tilskot til inngjerding av dyrka mark.	40%
2	Fjerning av piggtråd Fjerning av piggtråd vert ei prøveordning i denne perioden. Det gis tilskot på inntil 15 kr/meter. Det må dokumenterast etter vekt innlevert til godkjent mottak. I søknaden må det leggst ved kart, og før/etterbileter.	15 kr/meter
3	Biologisk mangfald Døme: pollinatorvenlege tiltak, fjerning av raudliste-/skadelege artar, stell av registrerte naturtypar. Det kan gis SMIL-tilskot til tiltak i ein overgangsperiode, då det gis RMP-tilskot til årleg stell av registrerte naturtypar. Søknadane vert vurdert ut frå naturmangfaldlova § 8-12, og registreringar i Naturbase og Artskart.	40%
4	Tilrettelegging for ferdsel Døme: rydding av gamle vegar, råser, bruer, klopper, vad. Råser/vegar i jordbruket sitt kulturlandskap vert prioritert framfor råser i utmark.	40%
	Ureiningstiltak	
1	Hydrotekniske anlegg Døme: reparasjon av avskjeringsgrøfter, reinsking av - og rydding langs opne kanalar, flaumsikring/plastring av mindre vassløp. Tiltaka kan gjennomførast på jordbruksareal og/eller i vassløp. Tiltak med tydeleg klimaeffekt har prioritet.	40%
2	Tiltak for å hindre avrenning frå gjødsel og rundballer Det kan gis støtte til utvendig lagerplass for rundballar for å bl.a. hindre avrenning, i tillegg til tiltak for å redusere eller hindre avrenning frå husdyrgjødsel i utekveer og samleplassar for beitedyr ² .	40%
3	Mindre utbetringar av gjødsellager Døme: dekke over gjødsellager, gjødselport osv. Tiltak med tydeleg klimaeffekt har prioritet.	40%
4	Fangdam/våtmark Etablering av fangdam. Hugs RMP-tilskot til årleg vedlikehald av fangdammar, kr 5000 pr dam.	40%
	Kulturminne	
1	Restaurering av eldre bygningar Bygningar knytt til gardsdrift i inn – og utmark som stabbur, utmarksløer, smier, gamle matstover, seterbygningar og - miljø, naustmiljø, gamle buplassar o.l.	40%
2	Steingardar/bakkemurar Vedlikehald/restaurering av gamle (etablerte) steingardar og bakkemurar.	40%
	Planleggings – og tilretteleggingstiltak	
1	Felles - og områdetiltak Døme: miljøprosjekt over større område, t.d. knytt til eit vassdrag, ei grend eller eit setermiljø. Slike prosjekt bør lede fram til gode og konkrete kulturlandskap – og ureiningstiltak.	70%

¹ Tilskotssatsen kan justerast etter kor mange søknader som kjem inn.

² Ved vurdering av søknadene vil det i særleg grad skiljast mellom vanleg jordbruksdrift og kva som kan betraktast som spesielle miljøtiltak.

Ved prioritering av søknadane vil kriteria nedanfor vere avgjerande:

- Fellestiltak går framfor enkelttiltak
- Ved rydding/skjøtsel av gamal kulturmark vert areal som ikkje får produksjonstilskot prioritert framfor areal som allereie får produksjonstilskot.
- Større områder som i stor grad pregast av attgroing vert prioritert når det gjeld rydding/skjøtsel av gamle beiter og kulturmark.
- Råser i jordbruket sitt kulturlandskap vert prioritert framfor råser i utmark.
- Ved elles like søknader vert tiltak på bruk i drift prioritert framfor tiltak på bruk utan drift.
- Ved prioriteringa skal ein og vurdere søknadane ut frå naturmangfaldlova § 8-12, og registreringar i Naturbase og Artskart.

7. Satsar - tilskotssatsar

Satsar for eigen innsats:	
Verdi per time eigeninnsats	Kr 350
Verdi per time m/motorsag	Kr 400
Verdi per time m/traktor/ATV	Kr 550
Verdi per time m/gravemaskin	Kr 600
<i>Satsane er samordna med satsane til Innovasjon Norge. Dersom Innovasjon Norge skulle justere satsane i planperioden vert satsane ovanfor justert tilsvarande. Timesats for arbeid med maskiner er inkludert drivstoff og olje.</i>	
Tilskotsgrunnlag – kostnadstak:	
Ved rydding/skjøtsel/gjerding av gamal kulturmark og reetablering av beite vert det sett eit tak på kostnaden pr daa.	Maksimal kostnad kr 3.500 pr /daa.
For å fordele tilskot til flest mogleg gode prosjekt, set ein eit øvre tak pr kostnadsoverslag til kr 200.000.	Maksimalt tilskotsgrunnlag pr. prosjekt kr 200.000
Tilskotssats¹:	
Tilskotssats for alle tiltak	Inntil 40 % tilskot
Tilskotssats for fjerning av piggråd	Inntil 15 kr/meter
Tilskotssats til felles – og områdetiltak	Inntil 70 % tilskot

¹ Både tilskotssats og maksimalt kostnadsoverslag kan justerast etter kor mange søknader som kjem inn.

8. Generelle vilkår

Kven som kan søkje SMIL-tilskot vert regulert av sentral forskrift. Vidare ligg forskrifta til grunn for all handsaming av søknadene. Ein vil framheve følgjande sentrale og lokale vilkår:

- a. SMIL-tilskot kan løyvast til tiltak som er ut over det som vert forventa av vanleg jordbruksdrift. Ordinært vedlikehald gjev ikkje grunnlag for støtte. Tiltaka skal krevje ekstra innsats og kostnad.
- b. Tiltak som allereie er starta opp eller er utført får ikkje tilskot.
- c. Tiltak må utførast tilfredsstillande og investeringane må haldast innanfor ei forsvarleg ramme.
- d. Det vert ikkje løyvd tilskot til arbeid med gravemaskin ved rydding/skjøtsel av gamal kulturmark.
- e. Rydding av kulturmark/beite i utmark bør søkjast på som fellestiltak.
- f. Normalt vil ein ikkje få løyving til å gjerde inn dyrka jord.
- g. Ein kan ikkje gi tilskot til freda bygningar, men til verneverdige bygningar.
- h. Ved søknad om tilskot til tiltak på eldre bygningar, vil ei eventuell flytting ikkje få støtte.
- i. Bygningar som framleis står, har prioritet framfor bygningar der berre murar/tufta er att.
- j. Tilskot til bygningar og andre kulturminne føresetnad om at istandsettinga skjer etter antikvariske prinsipp, dvs reparasjon av bygning framfor utskifting. Dersom enkeltdeler må bytast, bør det brukast same type material og utføring som det opprinnelege.

9. Søknadsfrist og handsaming

Søknadsfristen er **1.februar** kvart år. Gå inn på www.landbruksdirektoratet.no ☐

Jordbruk ☐ Ordningar for jordbruk ☐ Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL). Logg inn via Altinn. Søknaden skal ha naudsynte vedlegg som kart, teikningar, bilete, avtalar, mv.

Søknader som kjem inn til fristen vil ha 1. prioritet. Søknader som kjem inn etter fristen vert handsama dersom ein har ledige midlar etter hovudtildelinga.

SMIL-søknadane vert handsama av Landbrukskontoret Ørsta Volda, etter å ha henta inn naudsynte fråsegner til søknadene.

